

(A) = Åpen, kan bestilles fra Arkeologisk museum i Stavanger
(B) = Begrenset distribusjon
(C) = Kan ikke uteleveres



Forundersøking av område med busetnadsspor og røyser på Høgehaug på Soppaland, gnr. 138 bnr. 2, Hjelmeland kommune.

AmS saksnummer: 02/2007
Journalnummer: 07/112

Dato: 25.10. 2007
Sidetal (inkl. vedlegg): 34
Opplag: 10

OPPDRAKGJEGEVAR:
Asplan Viak / NorStone

STIKKORD:
Røyser
Kokegrop
Stolpehol
Vestlandsøks

Oppdragsrapport 2007/17
Arkeologisk museum i Stavanger
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Arkeologisk museum i Stavanger
Box 478
4002 STAVANGER
Tel.: 51 84 60 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: ams@ark.museum.no

Stavanger 2007



**Forundersøking av område med
busetnadsspor og røyser på
Høgehaug på Soppaland, gnr.
138 bnr. 2,
Hjelmeland kommune.**

Even Bjørdal

Rapport til topografisk arkiv



Arkeologisk museum
i Stavanger

Vår ref.: Sakshandsamar: Arkivkode Dato:
Olle Hemdorff 613 24.10. 2007

Kommune: Hjelmeland
Gardsnamn: Soppaland
Gnr: 138
Bnr: 2
Lokalitetsnamn: Høgehaug
Tiltakshavar: Asplan Viak / NorStone
Adresse: Asplan Viak AS, Østervåg 7 4006 Stavanger
NorStone Årdal, 4137 Årdal i Ryfylke

Saka sitt namn: *Hjelmeland k., gnr 138, bestilling av arkeologiske
forundersøkelser, Høgehaug, Soppaland.*

Saksnr: 02/2007 Flyfotoreg. nr: 5157 N6 (R7)
Brevjournalnr: 07/112 Fornminnenr:
Kartblad: Lyngsvatnet 1313 III ID (Askeladden:)
AP 027-5-1, 027-5-3
UTM: 32VLL4159 H o h: 49 - 62 m

Aksesjonsnr: 2007/42
Museumsnr: S 12360
Natvit. prøvenr: Ingen nat.vit. prøver
Fotonr: 71459 - 71562

Synfare:

Av:

Feltundersøking: Forundersøking 17. - 21.09. 2007
Ved: Feltleiar Even Bjørdal og feltass. Anne Drageset
Rapport: Utforma innan perioden sept. - okt. 2007 av Even Bjørdal

Gjeld: Forundersøking av område med busetnadsspor og røyser på Høgehaug på
Soppaland, gnr. 138 bnr. 2, Hjelmeland kommune.

Innhaldsoversyn

1. Samandrag	s. 5
2. Innleiing	s. 6
2.1 Lokalisering	s. 6
2.2 Bakgrunn for undersøkinga	s. 6
2.3 Registrerte kulturminne i området	s. 6
2.3.1 I planområdet	s. 6
2.3.2 I nærområdet	s. 7
2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga	s. 7
3. Ei kort skildring av området før undersøkinga	s. 7
4. Tidsrom og deltagarar	s. 8
4.1. Tidsrom	s. 8
4.2. Deltakarar	s. 8
4.3. Gjennomføring, vértihøve og tidsbruk	s. 9
5. Metode	s. 10
5.1 Graveteknisk metode	s. 10
5.2 Dokumentasjon	s. 10
5.2.1 Teikning	s. 10
5.2.2 Fotografering	s. 11
5.2.3 Innsamling av prøver	s. 11
5.2.4 Funn	s. 11
5.2.5 Innmåling	s. 12
6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt	s. 12
6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling	s. 12
6.2 Kjeldekritiske aspekt	s. 13
7. Funnmateriale	s. 13
7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 13

8. Skildring av anlegg / strukturar	s. 14
8.1 Innleiing	s. 14
8.2 Anleggsspor i sjakt 2	s. 14
8.3 Anleggsspor i sjakt 3	s. 15
8.4 Den delvis avtorva Røys 1 og dei moglege strukturane Røys 2-5	s. 15
8.5 Samanfatning	s. 17
9. Naturvitenskapleg materiale	s. 17
10. Tolking av undersøkingsområdet i lys av strukturar og funn	s. 17
11. Formidling og publikumskontakt	s. 18
12. Litteratur	s. 18
13. Vedlegg	s. 19
Vedlegg 1 Fotoliste	s. 20
Vedlegg 2 Liste over anlegg / strukturar	s. 26
Vedlegg 3 Liste over teikningar	s. 27
Vedlegg 4 Funnliste	s. 28
Vedlegg 5 Katalog	s. 29
Vedlegg 6 Oversynskart som viser lokaliseringa av undersøkingsområdet på Soppaland i Hjelmeland k.	s. 31
Vedlegg 7 Oversynskart som viser lokaliseringa av sjakter, prøvestikk og Røys 1-5	s. 32
Vedlegg 8 Planteikning som syner sjakt 2, sjakt 3 og Røys 1-5	s. 33
Vedlegg 9 Planteikning som syner sjakt 1	s. 34

Figurar:

Fig. 1 Foto mot SV som viser terasseflata ved Høgehaug med sjakt 2 og 3 og den delvis avtorva Røys 1...s. 5

Fig. 2 Foto mot V med utsyn i retning Årdal frå den vestlege enden av sjakt 2 på Høgehaug...s. 6

Fig. 3 Lokaliseringa av prøvestikka øvst på Høgehaug. Sjakt 1 kan skimtast i bakgrunnen. Foto mot V...s. 11

Fig. 4 Foto mot Ø av sjakt 1...s. 12

Fig. 5 Vestlandsøksa funne i sjakt 2. Lengde: ca 11,5 cm. Foto ved Terje Tveit, AmS...s. 13

Fig. 6 Kokegrop A6 i sjakt 2...s. 14

Fig. 7 Truleg stolpehol A10 i sjakt 2...s. 14

Fig. 8 Foto mot SØ av røyser i sjakt 3...s. 15

Fig. 9 Røys 1 etter delvis avtorving. Foto mot SV...s. 16

1 Samandrag

I perioden 17.09. - 21.09. 2007 blei det gjort ei arkeologisk forundersøking ved Høgehaug på Soppaland (gnr. 138, bnr. 2) i Hjelmeland kommune. Feltarbeidet omfatta graving av tre sjakter med maskin (ca 350-400 m²), fem prøvestikk og delvis avtorving av ei røys. Undersøkinga påviste ingen kulturminne på den øvste delen av Høgehaug, men på ei terasseflate noko lågare i terrenget blei det funne ei kokegrop, fleire stolpehol og eit antal steinsamlingar som truleg er røyser (jf. 4.3, 8). I samband med gravinga av sjakt 2 vart det funne ei slipt bergartsøks, av typen Vestlandsøks, frå yngre steinalder.



Fig. 1 Foto mot SV som viser terasseflata ved Høgehaug med sjakt 2 og 3 og den delvis avtorva Røys 1.

2 Innleiing

2.1 Lokalisering

Den arkeologiske forundersøkinga fann stad ved Høgehaug, på Soppaland gnr. 138, bnr. 2 i Hjelmeland kommune. Høgehaug ligg mellom elva Storåna i nord og RV 13 i sør, drøye tre kilometer fra Årdal sentrum i austleg retning. Terrenget stig bratt frå foten av høgdedraget ved ca 30 moh opp til ei Ø-V- gåande terasseflate ca 50 moh. Rett N om denne flata reiser så sjølve haugen seg til rundt 60 moh. Det veks ein del lauvskog i området, men frå øvst på haugen er det vidt utsyn til resten av dalen. Undersøkinga gjekk føre seg både på terasseflata og på to stadar i nærleiken av toppen av haugen.



Fig. 2 Foto mot V med utsyn i retning Årdal frå den vestlege enden av sjakt 2 på Høgehaug.

2.2 Bakgrunn for undersøkinga

Firmaet NorStone ønskjer å drive masseuttak for grus og sand ved Høgehaug. Forundersøkinga vart utført for å framstaffe informasjon om eventuelle automatisk freda kulturminne innan planområdet.

2.3 Registrerte kulturminne i området

2.3.1 I planområdet

Før forundersøkinga fann stad, var det ikkje registrert kulturminne i planområdet.

2.3.2 I nærområdet

Lengre S på høgdedraget er det påvist åtte gravhaugar og to groper (ID 4956) på ei N-S-gåande terasseflate ca 45 moh. Fleire av haugane er omtala som låge, vide og lite tydelege i terrenget. Nokre steinar stikk opp av graset, medan andre ligg rett under overflata (Myhre 1960). Denne skildringa liknar ein god del på tilhøve som vart påvist under forundersøkinga i 2007 (jf. 4.3, 10).

I eit lågareliggende område Ø om ID 4956, er det registrert ein rundhaug (ID 34434).

I 2003 vart det ved ei registrering for Rogaland fylkeskommune (Idsøe 2003) påvist eit hellarliknande utspring (ID 95082) NØ om Høgehaug. Prøvestikking her gav 100-200 keramikkskår. Det vart ikkje funne restar av kulturlag, så fast busetnad over lengre tid er lite truleg. Keramikken er datert til bronsealder og eldre jernalder. I samband med det same registreringsarbeidet vart det påvist 78 busetnadsspor (stolpehol, kokegroper, eldstadar m.m.) og 15 gjenstandsfunn på ei flate med dyrka mark Ø om RV 13 og V om Høgehaug. Like N om dette området ligg gravhaugen ID 72197, medan rundhaugen ID 65676 er lokalisert i nærleiken av RV 13 i V.

NØ om Soppaland, på den andre sida av Storåna, er Øvre og Nedre Valheim. Dette er eit landskap med eit stort antal bevarte kulturminne.

2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga

Ei avgrensa arkeologisk undersøking ved hjelp av metodar som søkesjakting med maskin og prøvestikk, gjev eit grovt oversyn over kva som finst av kulturminne i det aktuelle området. Denne informasjonen er verdfull som grunnlag for vurderingar av kva som bør gjerast av ytterlegare utgravingar på staden.

Ein visste at det ute på terasseflata låg ei mogleg røys. Det vart difor prioritert å delvis avtorve denne strukturen for å få vite meir om storleik og oppbygging. I tillegg ville ein sjå etter busetnadsspor ved å opne eit par sjakter på terasseflata og ei sjakt oppe på ei mindre flate nærmere toppen av Høgehaug. Det var også ein del av feltarbeidet å undersøke om det kunne finnast restar av ei røys øvst på haugen.

3 Ei kort skildring av området før undersøkinga

Terasseflata der sjakt 2 og 3 blei opna, var avgrensa i S og V av gjerde/steinmur og i N og Ø av toppen av Høgehaug (jf. fig.1). Flata var dekt av relativt langt gras. Somme stadar stakk det opp steinar gjennom torva, og ei rask runde med stikking med jordbor viste at det på ein rekke stadar var rikeleg med stein rett under overflata. Det stod nokre lauvtre rett innanfor gjerdet i V, og både eldre luftfoto og munnleg informasjon frå lokalpersonar opplyser at flata tidlegare var til dels skogkledd. Den moglege røysa (jf. 2.4) var synleg som ein grasdækt forhøgning i terrenget, og jordboret påviste steinar i strukturen. I tillegg vart det i nærleiken observert ytterlegare fire, noko mindre, forhøgningar som vart vurdert som potensielle røyser.

Vest om toppen av Høgehaug var det eit relativt flatt, graskledd areal med noko lauvskog. Her var det ikkje teikn til synlege kulturminne. Gravemaskina laga ein provisorisk trasé opp bakken frå terasseflata til dette mindre området, og sjakt 1 blei graven her (jf. fig. 4). Eit stykke nedanfor toppen av Høgehaug stakk delar av grunnfjellet opp i dagen. Øvst på nuten var bakken dekt av gras og trerøter. For å undersøkje om det kunne vere bygd ei røys her oppe, bygd over grunnfjellet, blei det lagt ut fem prøvestikkruter i dette området (jf. fig. 3).

4 Tidsrom og deltakarar

4.1 Tidsrom

Feltarbeidet knytt til forundersøkinga fann stad hovudsakleg stad i perioden 17.09. - 21.09. 2007. Feltleiar Even Bjørdal arbeidde i tillegg nokre timer påfeltet 26.09. 2007. Etterarbeid med katalogisering og rapportskriving vart utført i oktober 2007.

4.2 Deltakarar

Undersøkinga i felt vart gjort for AmS av feltleiar Even Bjørdal og feltassistent Anne Drageset. Prosjektleiar Olle Hemdorff ved AmS deltok ved innleiinga av undersøkinga og la føringar for arbeidet. Oppdragsgjevar NorStone stilte med gravemaskin og maskinførar Arild Munthe.

4.3 Gjennomføring, vértihøve og tidsbruk

Arbeidet ved Høgehaug på Soppaland tok til mandag 17.09. Sjakt 1 vart opna oppe på den vesle flata V om toppen på haugen. Ein grov frå Ø mot V; den første halvdelen av sjakta var ca 2 meter brei, for å få betre oversyn over moglege strukturar vart resten av sjakta utvida til å ha ca 3 meters breidde. Sjakt 1 blei drygt 30 meter lang. Bakken var full av røter, og det var fleire stadar i undergrunnsmassa mørke, avlange spor etter opprotta rotssystem frå daude tre. Det blei påvist tre moglege strukturar i sjakt 1 (A22 - A24 i anleggslista). To av desse blei snitta. Alle tre er vurdert til å vere svært lite sannsynlege som forhistoriske anleggsspor.

Tysdag 18.09. og onsdag 19.09. vart nytta til å grave sjakt 2 og 3 på terasseflata.

Sjakt 2 blei lagt med lengderetninga inntil bakken opp mot toppen av Høgehaug, dvs. i om lag SØ-NV-retning. Sjakta var ca 3 meter brei og knappe 65 meter lang. Ho vart dregen heilt fram til der terasseflata går over i ein bratt bakke ned mot foten av Høgehaug. I løpet av framreinsinga av sjakt 2, blei det markert for i alt 14 moglege anleggsspor (jf. vedlegg 8). A1-A3, A7 og A13 er etter nærmare vurderingar tolka som spor etter opprotta og delvis brende røter frå tre i området. A6 er klart ei kokegrop, A10 er truleg eit steinsett stolpehol, og A14 kan vere restar av ein stor, brend stolpe. Ei mogleg steinsamling er stipla inn på teikninga som A11. Dei resterande anleggsspora i sjakt 2 er moglege/tvilsame stolpehol, ingen av dei er undersøkt nærmare ved snitting. Ved den nordre sjaktkanten like V om A11, vart det funne ei slipt bergartsøks, ei såkalla Vestlandsøks (fnr. 1).

Sjakt 3 vart opna som ei forlenging av sjakt 2 parallelt med gjerdet i V. Sjakta var ca 3 meter brei og i overkant av 40 meter lang. Like S om ”krysset” med sjakt 2, dukka den første av fleire omfattande steinsamlingar opp rett under markoverflata (jf. fig. 8). I alt vart det påvist sju potensielle strukturar i sjakt 3; to moglege stolpehol lengst N i sjakta (A14 - A15) og fem steinsamlingar av varierande storleik (A16 - A21). Samlingane med stein skil seg klart ut frå massa elles i området, dei verkar klart å vere menneskeskapte strukturar. Ingen av desse steinsamlingane vart avdekt fullstendig innan sjakta, så ein kjenner ikkje den totale storleiken på dei. Dei tre nordlegaste (A16 - A19) er tydlegast, og desse vert tolka som røyser. Steinane, dei fleste av om lag hovudstorleik eller noko større, låg rett under eit tynt grastorvlag og danna relativt låge strukturar. A16 skil seg ut ved at steinar her verkar å vere lagt ned i ei nedgraving i undergrunnsmassa, ved dei andre steinsamlingane synest ikkje steinane å vere grave ned slik. Ved framreinsinga av A18 blei det funnen ein bit av sintra leire (fnr. 2).

Torsdag 20.09. og fredag 21.09. vart nytta til dokumentasjon av tilhøva i sjaktene, graving av fem prøvestikk øvst på Høgehaug og delvis avtorving av Røys 1. Prøvestikka viste ingen spor etter røyskonstruksjon på det høgste punktet på haugen. Røys 1 var den av dei moglege røysstrukturane ute på flata mellom sjakt 2 og 3 som var mest synleg på markoverflata. Grastorva vart fjerna i ei rute på ca 2 x 2 meter for å få betre oversyn over oppbygginga og storleiken på strukturen. Denne avtorvinga viste at det verkeleg låg ei steinsamling under graset. Ytterlegare undersøkingar må til før ein kan seie noko meir om kva slag røys det er snakk om.

Feltarbeidet var i hovudsak over fredag 21.09., men onsdag 26.09. var feltleiar Bjørdal tilbake ein tur på undersøkingsområdet for å gjere ein del innmålingar og dekke til utvalde strukturar (m.a. den avtorva delen av Røys 1, det trulege steinskona stolpeholet A10 og dei omfattande steinsamlingane A17 - A19) med vegduk.

Véret var for det meste mildt, med ein god del sol og enkelte regnbygjer.

5 Metode

5.1 Graveteknisk metode

Undersøkinga blei utført både ved maskinkraft og graving for hand. I samband med dei tre sjaktene vart grastorva og matjordlaget fjerna av gravemaskin. Arkeologane reinsa så ved hjelp av krafse og graveskei fram moglege anleggsspor som var synlege i den lysare undergrunnsmassa. I sjakt 1 blei A22 og A23 snitta for å betre kunne vurdere om dei verkeleg var restar av menneskeskapte, forhistoriske strukturar. Ei slik snitting gjennom midten av objektet gjev ein vertikal profil som kan fortelje meir om form og djupne.

Dei fem prøvestikk som vart gjort øvst på Høgehaug, blei grave med spade og graveskei. I dette arbeidet var det også naudsynt å nytte rotsaks for å fjerne eit omfattande innslag av trerøter.

Avtorvinga av delar av Røys 1 føregjekk ved bruk av spade, krafse og graveskei og nevar.

5.2 Dokumentasjon

5.2.1 Teikning

Tilhøva som vart avdekt i sjaktene er dokumentert på planteikningar i målestokk 1:50. Når det gjeld steinsamlingane i sjakt 3, så er ikkje kvar Stein teikna detaljert inn; ein har ført på den ytre avgrensinga av strukturane og markert at dei består av steinar (jf. vedlegg 8). Ved etterarbeidet er det utforma to reintekningar i plan: ei som viser tilhøva på terasseflata med sjakt 2 og 3 og lokaliseringa av dei moglege røysene 1-5, og ei som illustrerer situasjonen i sjakt 1 (jf. vedlegg 9).

Det har ikkje blitt laga teikningar av følgjande tilhøve: profilane av dei snitta strukturane A22 og A23, profilveggar i prøvestikk, og steinane si utbreiing i den avtorva delen av Røys 1. Alle desse forholda er i staden dokumentert ved hjelp av foto (jf. 5.2.2).

5.2.2 Fotografering

Det vart teke ei rekke bilete av tilhøva i undersøkingsområdet, landskapet rundt og sjølve feltarbeidet. Samlede sjakter og prøvestikk er dokumentert ved foto, kvart enkelt mogleg anleggsspor vart detaljfotografert. Det blei også teke fleire bilete av Røys 1, både før, under og etter avtorvinga. Til saman er det 104 bilete med i fotolista (jf. vedlegg 1).

5.2.3 Innsamling av prøver

Det vart ikkje samla inn prøver for naturvitenskapleg granskning i samband med denne forundersøkinga.

5.2.4 Funn

Det blei gjort to lausfunn i løpet av gravinga; ei slipt, bergartsøks av typen "Vestlandsøks" (fnr. 1, S 12360a) ved reinsing av sjaktkanten like ved A11 i sjakt 2 og ein bit av sintra leire (fnr. 2, S 12360b) ved avdekking av steinsamling A18 i sjakt 3.

5.2.5 Innmåling

Sjaktene, prøvestikk og dei moglege røysene er målt inn i høve til kvarandre og fastpunkt i terrenget ved hjelp av måleband. Desse innmålingane ligg til grunn for utforminga av reintekningane og for innplottinga av dei undersøkte områda på oversynskart (jf. vedlegg 7, 8 og 9).



Fig. 3 Lokaliseringa av prøvestikka øvst på Høgehaug. Sjakt 1 kan skimtast i bakgrunnen. Foto mot V.

6 Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt

6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

Det vart gjort to funn i løpet av forundersøkinga (jf. 5.2.4). Bergartsøksa fall ut frå matjordlaget i profilkanten av sjakt 2. Biten med sintra leire blei funnen i samband med fjerning av grastorvlaget som dekte steinane i A18 i sjakt 3.

Dei stratigrafiske tilhøva i dei tre sjaktene var hovudsakleg som følgjer: eit grastorv-/matjordlag på 15-25 cm låg over undergrunnsmasse av brun - raudbrun sand, fin grus og ein del mindre steinar. Sjakt 1 hadde særleg mange restar etter trerøter, desse var synlege som mørke liner av nedbroten organisk masse som skar seg gjennom den lysare undergrunnen. Jamnt over var det få steinar i sjakt 2, og difor er det relativt steinrike området A11 stipla inn på plantekninga. Undervegs i gravinga vart A11 vurdert som ein mogleg struktur, men A11 innehold færre og mindre steinar og er langt frå så tydeleg som A16 - A21 i sjakt 3. Steinsamlingane i sjakt 3 låg rett under eit tynt grastorvlag, og skilde seg klart ut frå den steinfattige undergrunnsmassa elles i sjakta.

Dei fem prøvestikka vart grave til 25 - 40 cm djupne i eit område med mange trerøter. Lagfølgja her var øvst eit lag med grastorv og matjord, deretter eit tynt, gråleg utvaskingslag og så brun - gulbrun sand og fin grus med nokre små steinar. Det blei ikkje funne klare innslag av steinar som kunne knytast til ein røysstruktur her øvst på Høgehaug.

Den delvise avtorvinga av Røys 1 viste at det fanst ei samling steinar rett under grastorva her. Frå det høgste punktet midt i den om lag runde strukturen, heller samlinga gradvis nedover til ho vert meir utsøydeleg og tek slutt ca 1,5 - 2 meter frå sentrum (jf. fig. 9).



Fig. 4 Foto mot Ø av sjakt 1.

6.2 Kjeldekritiske aspekt

Kjeldekritikk dreier seg om å vere medviten om ulike moment som kan ha innverknad på utsegnskrafta til eit utvalt og innsamla materiale. Ved ei forundersøking av denne typen vert det grave berre på utvalde stader, ein avdekkjer ikkje heile området. Det er såleis viktig at ein plasserer sjaktene slik at dei kan gje best mogleg innblikk i tilhøva. Dette verkar å ha fungert greitt ved Høgehaug:

- sjakt 1 avklarte av den vesle flata oppe mot toppen ikkje innheldt klare spor etter fortidig busetnad.
- sjakt 2 og 3 på den større terasseflata viste at det her fanst nokre busetnadsspor (kokegrop og nokre moglege stolpehol) og opptil fleire potensielle røyser.
- prøvestikkinga øvst på Høgehaug avklarte at det ikkje var noko røys her.
- avtorvinga av Røys 1 klargjorde at det verkeleg fanst ein røysliknande konstruksjon her, og indikerer at "Røys 2 - 5" også kan vere liknande røyser.

Det var dessverre ikkje tid til verken å snitte fleire av dei moglege stolpeholna eller å delvis avtorve Røys 2 - 5. Men dette vert likevel ikkje vurdert til å vere noko større kjeldekritisk problem, informasjonen frå forundersøkinga bør fungere greitt som grunnlag for eventuelle ytterlegare utgravingar på staden.

7 Funnmateriale

7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Forundersøkinga framskaffa to funn, ei ca 11,5 cm lang slipt bergartsøks (S 12360a, fnr. 1) og ein bit av sintra leire (S 12360b, fnr. 2).

Steinøksa stammar frå yngre steinalder (4000-1800 f.Kr.), meir presist truleg frå perioden ca 3200-1800 f. Kr. (Bruen Olsen & Alsaker 1984: 87-88). Ho er truleg av råstoffet diabas. Det er relativt uvanleg å finne økser laga av dette materialet i Rogaland: medan diabas synest å ha hatt hovudområdet sitt på Vestlandet i Romsdal, Sunnmøre og Sogn og Fjordane, var grønstein mest utbreidd i Rogaland og Hordaland. Nordhordaland vert rekna som eit område med "overlapping" av bruken av dei to typane bergart (Bruen Olsen & Alsaker 1984: 85).

Biten av sintra leire kan moglegvis stamme frå ein forhistorisk omnskonstruksjon, men dette er uavklart.



Fig. 5 Vestlandsøksa funne i sjakt 2. Lengde: ca 11,5 cm. Foto ved Terje Tveit, AmS.

8 Skildring av anlegg / strukturar

8.1 Innleiing

I samband med forundersøkinga vart det grave tre sjakter og fem prøvestikk, og i tillegg vart det utført delvis avtorving av ei mogleg røys (jf. 4.3). Prøvestikka og sjakt 1 er tolka til ikkje å innehalde kulturminne. I sjakt 2 er det påvist ei sikker kokegrop (A6) og fleire moglege stolpehol. I sjakt 3 er det registrert to moglege stolpehol og fem steinsamlingar av varierande storleik. I tillegg

til den delvis avtorva røysa (Røys 1), blei det observert fire andre, moglege røyser (Røys 2-5) i tilknytning til terasseflata.

8.2 Anleggsspor i sjakt 2

Undervegs i gravinga av sjakta vart det markert for i alt 14 potensielle anleggsspor (jf. vedlegg 8). Nøyare framreinsing og vurdering har resultert i den følgjande tolkinga:

- A6 er ei kokegrop (nedgraving med trekol og skjørrende steinar).
- A10 og A14 er truleg stolpehol: A10 har eit antal steinar langs heile ytterkanten- dette kan vere skoningssteinar, A10 inneheld mykje brent masse- kan vere restar av brend stolpe.
- A8, A9 og A12 er moglege stolpehol.
- A1, A2, A3, A5, A7 og A13 er etter alt å døme restar av brent/rotna organisk materiale frå trerøter.



Fig. 6 Kokegrop A6 i sjakt 2.



Fig. 7 Truleg stolpehol A10 i sjakt 2.

8.3 Anleggsspor i sjakt 3

Denne sjakta inneheldt sju moglege strukturar (jf. vedlegg 8):

- A15 og A16 er registrert som trulege stolpehol.
- A17, A18 og A19 er omfattande steinsamlingar som vart delvis avdekt innan sjakta. A17 (synleg storleik: ca 5 x 1 m) skil seg noko ut frå dei andre ved at steinar, iallfall i den nordlege enden, verkar å vere lagt i ei nedgraving i undergrunnsmassa. Det går ein mørk kant av jordmasse ned i bakken langs ytterkanten av A17. Ei slik form for nedgraving var ikkje synleg i samband med A18 (synleg storleik: ca 3,5 x 2 m) og A19 (synleg storleik: ca 4 x 2 m). Steinsamlingane held fram utanfor sjakta, så heile storleiken på strukturane er ikkje kjend. Steinane var jamnt over av neve - og hovudstorleik. A18 og A19 var ganske like av form og innhald, og verka undervegs i gravinga å vere same type strukturar. Det verkar mest sannsynleg at A17, A18 og A19 er ei form av røyser.

- A20 og A21 i den sørlege enden av sjakta er steinsamlingar som også kan høyre til røyser. Men det er vanskelegare å tolke desse, sidan såpass liten del av dei vart avdekt innan sjakta.

8.4 Den delvis avtorva Røys 1 og dei moglege strukturane Røys 2 - 5

I samband med terasseflata vart det observert eit antal moglege røyser. Den største og tydlegaste av dei (kalla Røys 1) var kjent på førehand, og delvis avtorving av denne var lagt inn som ei av arbeidsoppgåvene under feltarbeidet.

Røys 1 var synleg på markoverflata som ein om lag sirkulær forhøgning på ca $3 \times 2,5$ m. Det vart så avtorva eit område på ca 2×2 m på NNØ-delen av strukturen: ein starta ved det høgste punktet i midten og avtorva utover for å finne avgrensinga der steinane tok slutt (jf. fig. 9). Dette arbeidet viste at det verkeleg fanst ei steinrøys rett under grastorva her. Mot N-NØ tok steinane slutt om lag 1,5 - 2 m frå midtpunktet av røysa. Det blei derimot ikkje påvist noko klar avgrensing av steinsamlinga mot Ø, her heldt steinane fram utanfor den avtorva området. Steinane var frå neve- til hovudstorleik.



Fig. 8 Foto mot SØ av røyser i sjakt 3.

Dei tre moglege strukturane Røys 2, 3 og 5 ligg like i nærleiken av Røys 1, i området mellom sjakt 2 og sjakt 3. Røys 4 er lokalisert eit stykke unna, ved gjerdet nokre meter S om sjakt 3 (jf. vedlegg 8). Røys 4 ligg i eit område med restar av ein steinmur, og kan såleis ha kome til i nyare tid i samband med denne muren. Alle "røysene" er synlege som mindre forhøgningar i terrenget, og

stikking med jordbor indikerte at det fanst steinar under det seige grastorvlaget her. Utbreiing synleg på markoverflata:

- Røys 2: ca 2,10 m x 1,30 m
- Røys 3: ca 1,70 m x 0,90 m
- Røys 4: ca 2,40 m x 2,00 m (held moglegvis fram på den andre sida av gjerdet)
- Røys 5: ca 1,60 m x 1,10 m

Sidan det tidlegare har stått ein heil del tre på denne flata, kan det ikkje utelukkast at ein eller fleire av dei markerte strukturane i røynda kan vere ei blanding av trerestar og steinar som finst naturleg i undergrunnen. Den nemnde nærleiken til muren ved gjerdet, gjer røys 4 til den mest usikre strukturen. Men påvisinga av dei omfattande steinsamlingane i sjakt 3 og kjernen av Stein i Røys 1, dannar ein kontekst som indikerer at det finst fleire røysliknande strukturar i området.



Fig. 9 Røys 1 etter delvis avtorving. Foto mot SV.

8.5 Samanfatning

Forundersøkinga viste at det finst restar av fleire typar strukturar/anlegg på terasseflata ved Høgehaug. Kokegropa A6 og dei trulege stolpeholene A10, A14, A15 og A16 er busetnadsspor, medan steinsamlingane i sjakt 3 og den delvis avtorva Røys 1 vert tolka som menneskeskapte røyser. I tillegg har ein nokre meir usikre strukturar, som ein del moglegje stolpehol i sjakt 2 og dei potensielle røysene 2-5.

9 Naturvitenskapleg materiale

Det vart ikkje teke ut prøvemateriale til naturvitenskaplege undersøkingar som til dømes 14C - datering i samband med denne forundersøkinga.

10 Tolking av undersøkingsområdet i lys av strukturar og funn

Sjakt 1 og prøvestikka viste ingen klare teikn på kulturminne på den øvste delen av Høgehaug. Derimot vart det påvist anleggsspor nede på terasseflata, om lag 50 moh. Kokegropa og det avgrensa antalet stolpehol tyder på busettnad her, moglegvis i jernalder. Men stolpeholene er for få og spreidde i sjaktene til å kunne knytast til klare huskonstruksjonar. Det er uavklart om dei røysliknande strukturane i sjakt 3 og elles på flata er gravrøyser eller rydningsrøyser. Men det er verdt å vere merksam på at det på ei anna terasseflate, berre nokre tittals meter lenger S, er registrert fleire låge, steinfylte gravhaugar (jf. 2.3.2). Det er mogleg at begge desse flate areala på høgdedraget har vore del av ein større, felles kontekst der gravminne var ein del av landskapet.

Funnmaterialet er lite, men særprega (jf. 5.2.4). Ein bit av sintra leire viser til menneskeleg aktivitet, kanskje stammar biten frå ein omnskonstruksjon. Medan strukturane synest å peike mot jernalder, stammar den fine Vestlandsøksa frå ein tidlegare periode. Øksa er av ein type som var i bruk i yngre steinalder. Spesielt interessant er det at ho verkar å vere laga av bergarten diabas, det er ikkje ofte ein kjem over gjenstandar av dette råstoffet i Rogaland.

11 Formidling og publikumskontakt

Det vart ikkje utført noko organisert formidlingsarbeid i samband med dette feltarbeidet, og ein var heller ikkje i kontakt med media. Personar frå lokalmiljøet kom innom ved nokre høve, desse fekk då ei kort innføring i gravemetodar og informasjon om framdrifta i arbeidet.

12 Litteratur

Bruen Olsen, A. &

Alsaker, S. 1984: Greenstone and Diabase Utilization in the Stone Age of Western Norway: Technological and Socio-cultural Aspects of Axe and Adze Production and Distribution
s. 71-103 i Norwegian Arch. Review vol. 17, no. 2, 1984.
Universitetsforlaget, Oslo.

Idsøe, R. 2003: Rapport fra kulturhistorisk registrering i Hjelmeland kommune
For Kulturseksjonen ved Rogaland fylkeskommune.

Myhre, B. 1960: Rapport frå registreringsarbeid ved Soppaland
Topografisk arkiv, AmS / databasen Askeladden.

13 Vedlegg

VEDLEGG 1

FOTOLISTE – Arkeologisk museum i Stavanger

Oppdrag: Arkeologisk forundersøking i samband med utviding av masseuttak av grus						Fornminnenr.:	Aks.nr.:	Musnr.:
							42/2007	S 12360
Fotograf: Even Bjørdal			Brevjournalnr.:		FU-saknr.:	Gard:	Gnr.:	Bnr.:
			07/112		02/2007	Soppaland	138	2
AmS ansv: Prosjektleiar O. Hemdorff		Film nr.:		Digitalt		Kommune:		
		Cd 446				Hjelmeland		
AmS arkivnr	Bildenr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr	
71459	1	18.09.07			VNV	Den aktuelle flata før undersøkinga tok til. Sjakt 2 og 3 vart opna her. Dei moglege røyrsene 1-3 ligg like ved der personen står midt på biletet.		
71460	2	18.09.07			NV	Høgdedraget rett nord om flata. Sjakt 1 og prøvestikka vart grave opp på denne høgda.		
71461	3	18.09.07			NØ	Del av flata og høgdedraget.		
71462	4	18.09.07			NNØ	Del av flata og høgdedraget.		
71463	5	18.09.07			N	Del av flata og høgdedraget.		
71464	6	18.09.07			ØSØ	Flata før opning av sjakter.		
71465	7	18.09.07			NØ	Veg for gravemaskin opp til den mindre flata på høgdedraget.		
71466	8	18.09.07			SV	Veg for gravemaskin opp til den mindre flata på høgdedraget. (danner "panorama" med foto 8-12)		
71467	9	18.09.07			SSV	Del av flata før opning av sjakt 2 og 3		
71468	10	18.09.07			S	Del av flata før opning av sjakt 2 og 3		
71469	11	18.09.07			SSØ	Del av flata før opning av sjakt 2 og 3		
71470	12	18.09.07			Ø	Sjakt 1 oppå den mindre flata på høgdedraget		
71471	13	18.09.07			VSV	Oversynsfoto; teke frå hogdedraget i retning Årdal.		
71472	14	18.09.07			VNV	Oppstart med avdekking av sjakt 2: gravemaskin m/ førar Arild Munthe og feltassistent Anne Drageset.		
71473	15	18.09.07			VNV	Sjakt 2 si lokalisering i terrenget.		
71474	16	20.09.07			NNV	Foto som viser sjakt 3 i forgrunnen; sjakt 2 og vegen opp til sjakt 1 i bakgrunnen.		
71475	17	20.09.07			VSV	Struktur A20 i vestleg profilvegg av sjakt 3. Del av steinsamling som held fram utanfor sjakta mot V.		
71476	18	20.09.07			VSV	Struktur A20, i vestleg profilvegg av sjakt 3. Del av steinsamling som held fram utanfor sjakta mot V.		

Oppdrag: Arkeologisk forundersøking i samband med utviding av masseuttak av grus					Formminnenr.: 	Aks.nr.: 42/2007	Musnr.: S 12360
Fotograf: Even Bjørdal			Brevjournalnr.: 07/112		FU-saknr.: 02/2007	Gard: Soppaland	Gnr.: 138
AmS ansv: Prosjektleiar O. Hemdorff		Film nr.: Cd 446		Digitalt	Kommune: Hjelmeland		
AmS arkivnr	Bildenr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
71477	19	20.09.07		S		Struktur A21, i den sørlege enden av sjakt 3. Del av steinsamling som held fram utanfor sjakta mot V.	
71478	20	20.09.07		SØ		Foto som viser "krysset" mellom sjakt 2 og 3.	
71479	21	20.09.07		SSØ		Struktur A19 i sjakt 3: del av røys. Held fram utanfor sjakta, mot Ø.	
71480	22	20.09.07		SSØ		Struktur A19 i sjakt 3: del av røys. Held fram utanfor sjakta, mot Ø.	
71481	23	20.09.07		SØ		Struktur A19 i sjakt 3: del av røys. Held fram utanfor sjakta, mot Ø.	
71482	24	20.09.07		SSØ		Oversyn over del av sjakt 3: A18 sentralt i biletet, i tillegg kan ein sjå A19 og delar av A17.	
71483	25	20.09.07		SSØ		Struktur A18 i sjakt 3: del av røys. Held fram utanfor sjakta, mot Ø.	
71484	26	20.09.07		S		Oversyn over del av sjakt 3: røyse A17-19 og mogleg stolpehol A15-16.	
71485	27	20.09.07		S		Oversyn over del av sjakt 3: røyse A17-19 og mogleg stolpehol A15-16.	
71486	28	20.09.07		S		Struktur A17 i sjakt 3: del av røys. Held fram utanfor sjakta, mot V.	
71487	29	20.09.07		VSV		Toppen av høgdedraget, med sjakt 1 synleg til høgre.	
71488	30	20.09.07		Ø		Utsyn frå toppen av høgdedraget.	
71489	31	20.09.07		ØNØ		Utsyn frå toppen av høgdedraget.	
71490	32	20.09.07		NØ		Utsyn frå toppen av høgdedraget.	
71491	33	20.09.07		Ø		Høgdedraget sett frå den austlege enden av sjakt 1.	
71492	34	20.09.07		VNV		Foto teke frå høgdedraget i retning sjakt 1. Prøvestikk 5 vart grave mellom stikkstanga og treet rett bakom.	
71493	35	20.09.07		SSV		Mogleg røys 4 ved gjerdet lengst sør på flata. Nede i hogre hjørne skimtar ein enden av sjakt 3.	
71494	36	20.09.07		SSV		Mogleg røys 4 ved gjerdet lengst sør på flata.	
71495	37	20.09.07		V		Mogleg røys 4 i høve til gjerde og sjakt 3.	

Oppdrag: Arkeologisk forundersøking i samband med utviding av masseuttak av grus						Formminnenr.: 	Aks.nr.: 42/2007	Musnr.: S 12360
Fotograf: Even Bjørdal			Brevjournalnr.: 07/112		FU-saknr.: 02/2007	Gard: Soppaland	Gnr.: 138	Bnr.: 2
AmS ansv: Prosjektleiar O. Hemdorff		Film nr: Cd 446		Digitalt		Kommune: Hjelmeland		
AmS arkivnr	Bildenr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv		
71496	38	20.09.07			ØNØ	Dei moglege røysene 1-3 på flata, mellom sjakt 2 og 3. Røys 3 i forgrunnen, deretter røys 2 og så røys 1.		
71497	39	20.09.07			S	Røys 1, før delvis avtorving.		
71498	40	20.09.07			S	Røys 1, før delvis avtorving.		
71499	41	20.09.07			S	Mogleg røys 2.		
71500	42	20.09.07			S	Mogleg røys 2.		
71501	43	20.09.07			S	Mogleg røys 3.		
71502	44	20.09.07			S	Mogleg røys 3.		
71503	45	20.09.07			SV	Mogleg røys 5, sett I høve til sjakt 3.		
71504	46	20.09.07			S	Mogleg røys 5.		
71505	47	20.09.07			SV	Oversynsfoto som viser dei moglege, torvdekte røysene markert med blått.		
71506	48	20.09.07			SV	Oversynsfoto som viser dei moglege, torvdekte røysene markert med blått.		
71507	49	21.09.07			N	Struktur A22 i sjakt 1 i plan. Svært tvilsamt stolpehol.		
71508	50	21.09.07			ØNØ	Struktur A22 i sjakt 1 i profil etter snittning. Svært tvilsamt stolpehol.		
71509	51	21.09.07			N	Struktur A23 i sjakt 1 i plan. Svært tvilsam som stolpehol, truleg rest av trerot.		
71510	52	21.09.07			ØNØ	Struktur A23 i sjakt 1 i profil etter snittning. Svært tvilsam som stolpehol, truleg rest av trerot.		
71511	53	21.09.07			Ø	Struktur A24 i sjakt 1 i plan. Ikkje snitta, svært tvilsam som stolpehol.		
71512	54	21.09.07			N	Provtestikk 1		
71513	55	21.09.07			N	Provtestikk 2		
71514	56	21.09.07			NØ	Provtestikk 3		
71515	57	21.09.07			NØ	Provtestikk 4		

Oppdrag: Arkeologisk forundersøking i samband med utviding av masseuttak av grus						Formminnenr.: 	Aks.nr.: 42/2007	Musnr.: S 12360
Fotograf: Even Bjørdal			Brevjournalnr.: 07/112		FU-saknr.: 02/2007	Gard: Soppaland	Gnr.: 138	Bnr.: 2
AmS ansv: Prosjektleiar O. Hemdorff		Film nr: Cd 446		Digitalt		Kommune: Hjelmeland		
AmS arkivnr	Bildenr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr	
71516	58	21.09.07			NØ	Prøvestikk 5		
71517	59	21.09.07			ØSØ	Prøvestikka på høgdedraget markert med stikkstenger. I forgrunnen er frå venstre nr 3, 4 og 5. Nr 1 ligg lengst unna i bakgrunnen.		
71518	60	21.09.07			NV	Prøvestikka på høgdedraget markert med stikkstenger. I forgrunnen grunnfjell. Det nærmaste prøvestikket er nr. 1.		
71519	61	21.09.07			VNV	Prøvestikka på høgdedraget markert med stikkstenger. Sjakt 1 i bakgrunnen. Prøvestikk 1 i forgrunnen.		
71520	62	21.09.07			Ø	Prøvestikka på høgdedraget markert med stikkstenger. Fjellknausen til høgre heller ned mot flata med sjakt 2 og 3.		
71521	63	21.09.07			SV	Anne Drageset har starta avtorvinga av røys 1 ute på flata mellom sjakt 2 og 3.		
71522	64	21.09.07			SV	Anne Drageset har starta avtorvinga av røys 1 ute på flata mellom sjakt 2 og 3.		
71523	65	21.09.07			Ø	Sjakt 1 ferdig framrensa.		
71524	66	21.09.07			VSV	Del av sjakt 1 ferdig framrensa (panorama med følgjande 3 foto)		
71525	67	21.09.07			SV	Del av sjakt 1 ferdig framrensa		
71526	68	21.09.07			S	Del av sjakt 1 ferdig framrensa		
71527	69	21.09.07			SØ	Del av sjakt 1 ferdig framrensa		
71528	70	21.09.07			ØSØ	Struktur A1 i sjakt 2: truleg rest av brent og rotna trerot.		
71529	71	21.09.07			ØNØ	Struktur A2 i sjakt 2: truleg rest av brent og rotna trerot.		
71530	72	21.09.07			NNØ	Struktur A3, A4 og A6 i sjakt 2: A3 truleg rest av brent og rotna trerot, A4 innehold trekol og held fram inn i profilveggen i N, A6 er ei klar kokegrop med trekol og skjørhbrend stein.		
71531	73	21.09.07			NNØ	Struktur A4 og A6 i sjakt 2: noko uklart kva A4 er, og om A6 delvis kuttar A4. A6 er kokegrop.		

Oppdrag: Arkeologisk forundersøking i samband med utviding av masseuttak av grus					Formminnenr.: 	Aks.nr.: 42/2007	Musnr.: S 12360
Fotograf: Even Bjørdal			Brevjournalnr.: 07/112		FU-saknr.: 02/2007	Gard: Soppaland	Gnr.: 138
AmS ansv: Prosjektleiar O. Hemdorff		Film nr.: Cd 446		Digitalt	Kommune: Hjelmeland		
AmS arkivnr	Bildenr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
71532	74	21.09.07			ØSØ	Struktur A5 i sjakt 2: brent masse ved steinar – særst svilsamt mogleg stolpehol.	
71533	75	21.09.07			ØNØ	Struktur A8 i sjakt 2: mogleg stolpehol.	
71534	76	21.09.07			NNØ	Struktur A9 i sjakt 2: mogleg, men svilsamt stolpehol.	
71535	77	21.09.07			ØSØ	Struktur A10 i sjakt 2: klar struktur, med runde steinar sett ned rundt kanten av mørk, brend masse – brent stolpe med skoningsstein ?	
71536	78	21.09.07			VNV	Struktur A10 og A11 i sjakt 2: A11 vart under avdekkinga vurdert som mogleg menneskeskapt steinsamling, men den er heller ”spinkel” og svilsamt som slik struktur – steinane er ganske små og spreidde.	
71537	79	21.09.07			ØSØ	Struktur A12 i sjakt 2: mogleg stolpehol.	
71538	80	21.09.07			VNV	Frå sjakt 2: restar av det som truleg er ein rotvelt, like ved krysset med sjakt 3.	
71539	81	21.09.07			NNØ	Struktur A14 i sjakt 2: klar nedgraving med mykje brend masse – toppen av kokegrop eller brend stolpe.	
71540	82	21.09.07			NNØ	Struktur A13 i sjakt 2: truleg rest av brent og rotna trerot.	
71541	83	21.09.07			ØSØ	Struktur A15 i sjakt 3: mogleg stolpehol.	
71542	84	21.09.07			ØSØ	Struktur A16 i sjakt 3: mogleg stolpehol.	
71543	85	23.09.07			S	Oversynsfoto over strukturane i sjakt 3	
71544	86	23.09.07			NØ	Oversynsfoto: landskapet rundt undersøkingsområdet. (panorama med dei følgjande fotoa)	
71545	87	23.09.07			N	Oversynsfoto: landskapet rundt undersøkingsområdet.	
71546	88	23.09.07			VNV	Oversynsfoto: landskapet rundt undersøkingsområdet.	
71547	89	23.09.07			V	Oversynsfoto: landskapet rundt undersøkingsområdet.	
71548	90	23.09.07			VSV	Oversynsfoto: landskapet rundt undersøkingsområdet.	

Oppdrag: Arkeologisk forundersøking i samband med utviding av masseuttak av grus					Formminnenr.: 	Aks.nr.: 42/2007	Musnr.: S 12360
Fotograf: Even Bjørdal			Brevjournalnr.: 07/112	FU-saknr.: 02/2007	Gard: Soppaland	Gnr.: 138	Bnr.: 2
AmS ansv: Prosjektleiar O. Hemdorff		Film nr.: Cd 446	Digitalt		Kommune: Hjelmeland		
AmS arkivnr	Bildenr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
71549	91	23.09.07			SV	Oversynsfoto: landskapet rundt undersøkingsområdet.	
71550	92	23.09.07			S	Oversynsfoto: sjakt 3 og noko av sjakt 2.	
71551	93	23.09.07			SSØ	Oversynsfoto: delar av sjakt 2 og 3 og flata.	
71552	94	23.09.07			ØSØ	Oversynsfoto: delar av sjakt 2 og vegen opp til sjakt 1 på høgdedraget.	
71553	95	23.09.07			ØSØ	Oversynsfoto: sjakt 2 og 3.	
71554	96	23.09.07			Ø	Oversynsfoto: delar av sjakt 2 og vegen opp til sjakt 1 på høgdedraget.	
71555	97	23.09.07			VSV	Oversynsfoto: flata med sjakt 2 og 3 og delvis avtorva røys 1.	
71556	98	23.09.07			VNV	Sjakt 2 sett mot V.	
71557	99	23.09.07			NV	Den midtre delen av sjakt 2.	
71558	100	23.09.07			NNV	Sjakt 2: området med kokegrop A6 og mogleg brend stolpe A10. A10 dekt med filtduk.	
71559	101	23.09.07			ØNØ	Sjakt 2: austleg ende.	
71560	102	23.09.07			SV	Oversynsfoto: den delvis avtorva røys 1 i hove til sjakt 2 og 3.	
71561	103	23.09.07			SV	Oversynsfoto: den delvis avtorva røys 1 i hove til sjakt 2 og 3.	
71562	104	23.09.07			SV	Nærbilete av delvis avtorva røys 1.	

Vedlegg 2 Liste over anlegg / strukturar

EB = Even Bjørdal

AD = Anne Drageset

- I sjaktene:

Anleggs-nemning	Anleggstype	Dokumentasjon	Lokalisering	Dato	Sign.
A1	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A2	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A3	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A4	Trerot? Uavklart	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A5	Rest av brent masse - trerot?	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A6	Kokegrop	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A7	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A8	Mogleg stolpehol	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A9	Mogleg stolpehol	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A10	Truleg stolpehol-med steinskoning?	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A11	Steinsamling? Heller "spinkel" og tvilsam	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A12	Mogleg stolpehol	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A13	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A14	Truleg stolpehol-brent stolpe?	Planteikning/Foto	Sjakt 2	20.09.07	EB/AD
A15	Truleg stolpehol	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A16	Truleg stolpehol	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A17	Steinsamling/røys	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A18	Steinsamling/røys	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A19	Steinsamling/røys	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A20	Steinsamling- del av røys?	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A21	Steinsamling- del av røys?	Planteikning/Foto	Sjakt 3	21.09.07	EB/AD
A22	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto Snitta	Sjakt 1	21.09.07	EB/AD
A23	Trerot/UTGÅR	Planteikning/Foto Snitta	Sjakt 1	21.09.07	EB/AD
A24	Svært tvilsamt stolpehol/ UTGÅR	Planteikning/Foto	Sjakt 1	21.09.07	EB/AD

- Prøvestikka øvst på Høgehaug: I alt fem prøvestikk (fire er ca 50x50cm + eitt noko større). Mellom 25 - 40 cm djupe. Jf. kap. 6.1.
- Røys 1-5 på terasseflata: jf. kap. 8.4.

Vedlegg 3 Liste over teikningar

Originalteikningar som er lagt i arkivet ved AmS:

Teikning 1 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 2 (1 av 3)

Teikning 2 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 2 (2 av 3)

Teikning 3 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 2 (3 av 3)

Teikning 4 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 3 (1 av 3)

Teikning 5 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 3 (2 av 3)

Teikning 6 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 3 (3 av 3)

Teikning 7 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 1 (1 av 2)

Teikning 8 Planteikning i 1:50 av del av sjakt 3 (2 av 2)

Reinteikningar:

Teikning 9 Samla reinteknning i 1:50 av teikning 1-6 + påført Røys 1 - 5 (jf. vedlegg 8).

Teikning 10 Samla reinteknning 1:50 av teikning 7-8 (jf. vedlegg 9)

Vedlegg 4 Funnliste

- Fnr. 1 Bergartsøks, av typen Vestlandsøks. Slipt. Ca 11,5 cm lang. Av ein gråbrun, tung bergart, truleg diabas. Lausfunn frå like V om A11 i sjakt 2.
S 12360a
- Fnr. 2 Bit av sintra leire. Brun farge. Vekt: 2,0g. Lausfunn frå område ved A18 i sjakt 3.
S 12360b

Vedlegg 5 Katalog

Katalog for forundersøking på Soppaland, gnr. 138, bnr. 2, Hjelmeland k.

KATALOGISERING TIL HOVUDKATALOGEN

Museumsnr: 12360

Aks. nr: 2007/42

WEBSaksnr: 07/112

Lokalitetsnamn: Høgehaug

Gårdsnamn: Soppaland

Bruksnamn:

Gnr: 138

Bnr: 2

Kommune: Hjelmeland

Fornminnenr:

Flyfoto/regnr: 5157 N6 (R7)

ØK Kartblad: AP 027-5-1

M711Kart:

UTMKoord: 32VLL4159

H.o.h: 49-62m

RAnr:

Funnkategori-1: Lausfunn

Funnkategori-2: Under flat mark

Funnmiljø: Beitemark

Anlegg og kontekst:

Lausfunn fra maskingravne sjakter med anleggsspor (st.hol, kokegrop, røyser) fra bronsealder/jernalder.

Terreng og lokalisering:

Eit høgdedrag med terasseflater, S om elva Storåna og N om RV13, om lag 3 km aust om Årdal sentrum i Hjelmeland k. Det undersøkte området ligg 49-62 moh, med grasmark og noko lauvskog.

Funnomstende:

Prøvegraving/forundersøking

Funne av/undersøking:

Even Bjørdal

År:

2007

Innlevert av:

Gåve fra:

Periode: STA, BRA, JA

Datering:

Katalogisert av: Even Bjørdal

Dato: 24.10.2007

Revidert av: Kristine Orestad Sørgaard

Dato: 25.10.2007

Klassifikasjonssystem: Bjarke Ballin 1996

Nat. vit. analyser:

Systematisering/

ordning for magasin: S-nr, underbokstav og fnr. er skrive på funn, funnposer og øskjer.

Opplysningar i Top.Ark.: Rapport, planteikningar, foto, funnliste, feltdagbok, m.m.

Vedlegg 5 Katalog

Katalog for forundersøking på Soppaland, gnr. 138, bnr. 2, Hjelmeland k.


Litteratur: Bruen Olsen & Alsaker 1984: *Greenstone and Diabase Utilization in the Stone Age of Western Norway: Technological and Socio-cultural Aspects of Axe and Adze Production and Distribution.* NAR V17, no2 1984

S12360


Forundersøking av område med busetnadsspor og røyser. Funn fra yngre steinalder – jernalder. Soppaland, gnr 138, bnr 2, Hjelmeland k.

- a Ei *vestlandsøks*: slipt bergartsøks med firsidig form. Grå-gråbrun farge. Ru og noko grovkorna overflate, med spreidde, lyse prikkar - truleg av bergarten diabas. Tung i høve til storleiken. Lausfunn. St.l.: 115mm St.br.: 48mm St.t.: 25mm. Fnr. 1
- b Ein *bit av sintra leire*. Brun på farge. Vekt: 2,0g. Lausfunn. Fnr. 2

Funne ved Even Bjørdal si forundersøking i september 2007 ved Høgehaug på Soppaland, gnr 138, bnr 2, i Hjelmeland kommune. Forundersøkinga fann stad på eit høgdedrag med terasseflater, S om elva Storåna og N om RV13, om lag 3 km aust om Årdal sentrum. Det undersøkte området ligg 49-62 moh, med grasmark og noko lauvskog. Rapport, feltteikningar, liste over teikningar, feltdagbok, fotoliste mm. i Top. ark.




Vedlegg 6 Oversynskart som viser lokaliseringa av undersøkingsområdet på Soppaland i Hjelmeland k.
Kartgrunnlag henta fra kartdatabasen Arealis v/ Statens kartverk.



Vedlegg 7 Oversynskart som viser lokaliseringa av sjakter, prøvestikk og Røys 1-5.
Kartgrunnlag frå databasen Askeladden.

Sjakt 2




Saksnr. 02/2007
Aks.nr. 2007/42

Soppaland, gnr. 138, bnr. 2, Hjelmeland kommune.


Planteikning av søkesjakt 2 og 3 og Røys 1 - 5.
Originalteikningar av søkesjaktene av Anne Drageset, 20.-21.09.2007
Reinteikning utforma av Even Bjørdal, 24.10.2007.

Signaturar:

Grå farge	= steinsamling / mogleg røys
Brun farge	= trulege/moglege stolpehol
Svart farge	= kokegrop
Grøn farge	= moglege røyser R1-R5



Vedlegg 8 Planteikning som syner sjakt 2, sjakt 3 og Røys 1 - 5.



Soppaland, gnr. 138, bnr. 2, Hjelmeland k.
Planteikning av søkesjakt 1
Teikna av Anne Drageset, 21.09.07
Reinteikna av Even Bjørdal, 16.10.07

Vedlegg 9 Planteikning som syner sjakt 1